

# BACHELOROPPGÅVE

## Utvandringa frå Kaupanger til Amerika i perioden 1844-1915

av


Tina Veronica Bjørk

Bacheloroppgåve i historie  
SA 523  
2011



# UTVANDRINGA FRÅ KAUPANGER TIL AMERIKA I PERIODEN 1844 - 1915

*Tina Veronica Bjørk*



*Bilete av Kaupanger frå 1912. Kaupanger hovudgard er midt i biletet, Amla i bakgrunnen.*

*Henta frå arkiv SFFf-1996198.0003([www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no))*

## Forord

Gjennom oppveksten har eg og familien min fleire gonger hatt besøk av fjerne slektningar frå Amerika som har vore på spor etter dei norske røtene sine. Migrasjon har sidan då fanga mi interesse. Etter å ha studert historie og vore borte i både utvandring og innvandring, fann eg ut at utvandring var noko eg ville fordjupe meg i. Sidan eg er oppvaksen på Kaupanger tenkte eg at det ville vere interessant å studere emigrasjonsmønsteret herifrå og til Amerika. Å bruke heimbygda som utgangspunkt gjer det heile nært og kjært. At eg har tilknytning gjer meg ekstra nyfiken på korleis samfunnet på Kaupanger utarta seg i gamle dagar og korleis utviklinga av utvandringa føregjekk.

## Innhaldsliste

Innleiing .....	3
Problemstilling .....	3
Kjeldebruk .....	4
Om metoden .....	4
Kaupanger .....	5
Næringslivet i bygda .....	5
Analysen:.....	9
Utvandrarane frå Kaupanger sokn:.....	9
Årleg emigrasjon .....	10
Femårleg utvandring .....	13
Familiefolk eller einslege utvandrarar?.....	14
Kjønn.....	15
Alderssamansetjing .....	15
Yrke.....	17

Samanlikning med Arnafjord .....	18
Utvandringsintensitet .....	20
Kva er det som særmerkjer utvandringa frå Kaupanger?.....	21
Avslutning .....	22
Kjelder:.....	24
Vedlegg .....	26
Vedlegg 1: .....	26
Vedlegg 2: .....	30

## **Innleiing**

Denne oppgåva siktar seg inn på utvandringa frå Kaupanger sokn i Sogndal prestegjeld, Sogn og Fjordane til Amerika i perioden 1844 til 1915. Året 1844 markerer starten på den tidlege og sterke utvandringa frå Sogn. I 1915 herja 1. verdskrig og emigrasjonen dabbaturlegvis av og eg vel å avslutte undersøkinga då. I alt freista om lag 800 000 nordmenn (Semningsen, I. 1978) og meir enn 35 millionar frå heile Europa lukka i Amerika i denne perioden. Etter Irland var Noreg det landet med størst utvandring i Europa i forhold til innbyggartal.(Gulli, H. 1984) Felles for alle verdas emigrantar var blant anna folkeauke, økonomiske vanskar i heimlanda og håp om eit betre liv i Amerika. For mange var det nye landet synonymt med lukke og ein ny start med blanke ark.

Etter 1815 opplevde Noreg ein kraftig folkeauke som i hovudsak skuldast fallet i mortaliteten. Dette førte til rift i arbeidsmarknaden. Jordbruket viste seg som det viktigaste næringsgrunnlaget for mange, og sjølv om jorda vart utnytta til det fulle, var det likevel ikkje nok arbeid til alle. Å utvandre til Amerika vart ein moglegheit.(Gulli, H. 1984)

## **Problemstilling**

Det viser seg at i pionertida fram til 1866 kom dei fleste utvandarane frå dei inste bygdene på Vestlandet og frå dei øvste dalane på Austlandet. Emigrasjonen var like fullt ujamnt fordelt frå bygd til bygd. I denne oppgåva skal eg prøve å kaste lys over kva som særmerkjer utvandringa frå nettopp Kaupanger.

Hovudsiktemålet med oppgåva er å finne ut kven som reiste frå Kaupanger til Amerika i tidsrommet 1844 til 1915. Det er tatt spesielle omsyn til alder, kjønn, sivilstatus og yrke til emigrantane, og eg vil studere utviklinga av desse variablane over eit relativt langt tidsperspektiv. Problemstillinga vert å finne ut kven emigrantane var og korleis utvandringa frå Kaupanger til Amerika utvikla seg over tid. På bakgrunn av at det var mange som utvandra frå Sogn til Amerika er hypotesen min at det også måtte vere nokså stor utvandring frå Kaupanger. Det blir spennande å sjå om hypotesen stemmer. Mot slutten av oppgåva vil eg sjå litt på kva som særmerkjer nettopp utvandringa frå soknet.

I lys av registreringsarbeidet har eg danna meg nyttig talmateriale som eg har brukt i tabellar og diagram. Ved ein slik metode har eg kunna lese ut tendensar og særtrekk for perioden 1844 - 1915. Det vil også bli ei lita samanlikning med kyrkjesoknet Arnafjord i Vik i Sogn

for å sjå eventuelle likheit og forskjellar i utvandringa mellom to nærliggjande bygder. Det er kjent at Arnafjord sokn hadde uvanleg høg utvandring.(Sunde, R. 2001)

Den første delen av oppgåva vil ta føre seg Kaupanger på 1800- talet. For å forstå korleis bygda var på denne tida har eg undersøkt næringslivet og folketalsutviklingen. Hovedtyngden av oppgåva vil likevel liggje på analysen av utvandrarane. Kven var det eigentleg som drog frå Kaupanger til Amerika?

## **Kjeldebruk**

I høve kjeldemateriale har eg hovudsakleg nytta meg av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane sine nettsider og kyrkjebøkene for Sogndal. Fylkesarkivet har lagt inn informasjon frå kyrkjebøkene i dei ulike prestegjelda i fylket. Eg har også fått informasjon om emigrantar frå utflyttarlistene i kyrkjebøkene og emigrant protokollane frå politimeisteren i Bergen. Kjeldene gjeld Sogndal prestegjeld, og eg måtte difor sjølv plukke ut dei som reiste frå Kaupanger. Sidan eg er oppvaksen i Kaupanger, har eg ein viss kunnskap om slektsnamn. Ein stor takk må også gjevast til Berit Selseng som har hjelpt meg med namn eg har vore usikker på om skulle vere med eller ikkje.

Dette med lokalkunnskap er ikkje alltid like lett då eit slektsnamn kan dukke opp både i heim- og nabobygda. Eg har møtt på problem då enkelte emigrantar har vore oppført fleire gonger eller det har vore mangelfull informasjon. Løysinga har ofte vore å kontrollere med folketeljingane som ein for øvrig også kan finne på Fylkesarkivet og i tillegg informasjon i kyrkjebøkene. Likevel har det skapt hovudbry å kartleggje alle yrka til emigrantane. Nokre har vore heilt umulege å finne ut av, og eg har berre måtte innfinne meg med det til slutt. Dette er jo også eit funn som må takast i betraktning. Rasmus Sunde si utvandrersoge frå Sogndal har også gitt meg verdifull informasjon om utvandrarprosessen frå Sogndal og Kaupanger. (Sunde, R. 1994) Anders Timberlid har hjelpt meg med å forstå korleis lokalsamfunnet i Kaupanger arta seg på denne tida.( Timberlid, A. 1978) Andre og fleire kjelder eg har nytta meg av, finn ein i litteraturlista.

## **Om metoden**

I arbeidet med utvandringa har eg hovudsakleg basert materialet mitt på ein kvantitativ metode då eg byggjer oppgåva på talmateriale og mengde. Ein viktig del har vore å registrere emigrantane. Fordelen med å velje ein kvantitativ metode er at ein får eit nokså nøyaktig og konkret svar. I arbeidet med utvandringa vil eg i tillegg til ein kvantitativ framstilling nytte

meg av eit amerikabrev som er ei kvalitativ kjelde. I eit slikt studie får ein høve til å vere forskar og gjere eit sjølvstendig arbeid. Fordelen med ein slik metode er at ein får god oversikt over tal granskingsseiningar(emigrantar). Dei ulike variablane som yrke, kjønn, alder og sivilstatus har gjort at eg har kunna kategorisere dei ulike utvandrarane. Ved å ha eit slikt utgangspunkt har registreringsarbeidet vore eit målbevisst arbeid der eg har vore bevisst på kva eg skal finne ut.(Grønmo, S. 2004)

## **Kaupanger**

Kaupanger sokn er ei lita bygd i Sogndal prestegjeld og kommune og tilhøyrrer regionen Indre Sogn. Bygda har flott natur med eit typisk vestlandslandskap der høge fjell og djupe fjordar pregar staden. Det som særmerkjer den vesle bygda er at den har mykje drivverdig skog, og dette har naturleg nok vore viktig då ikkje mange andre plassar på Vestlandet har noko slikt å vise til.( Timberlid, A. 1978) Den vesle tettstaden ligg langs Sognefjorden, og dette har vore viktig gjennom tidene.

På 1000- talet var Kaupanger, på denne tida kalla Lusakaupang, rekna som ein stor handelsstad i Noreg pga sin strategiske plassering ved sjøen. Byte av varer stod svært sentralt. På 1700- talet kunne bygda også smykke seg med tittelen sentrum for administrasjon av Indre Sogn.([www.knaken.no](http://www.knaken.no)) Tidleg på 1800- talet var Kaupanger oppe til vurdering for ein eventuell bystatus i framtida. Sjølv om Sogndal vart rekna som den største tettstaden, vart likevel Kaupanger trekt fram som ein bykandidat på grunn av sin posisjon som internasjonal handelsmarknad.(Starheim, O. 2009)

Den vesle bygda ved Amlabukta vart likevel ingen by. Den vakre stavkyrkja er og har vore ein ynda turistattraksjon. Kyrkja er den største stavkyrkja i Sogn og er bygd så langt tilbake som i 1190. Inventaret er karakteristisk prega av barokken. Tømmer og båtbygging har vore tradisjon i fleire hundre år i Kaupanger.([www.knaken.no](http://www.knaken.no))

## **Næringslivet i bygda**

På midten av 1800- talet var det i hovudsak to store gardar i Kaupanger. Godset Øvre Amla driven av familien Heiberg merka seg ut, men det var likevel den største garden Kaupanger hovudgard som fekk størst merksemd. Familien Knagenhjelm har sidan 1700- talet hatt sitt hovudsete her.

Godset Kaupanger tilhøyrande familien Knagenhjelm, eigde mykje skog og dette gjorde det svært sentralt i bygda. Store furuskogar gav gode inntekter til herregarden. Tømmer skulle vise seg som lønnsamt. Langs Kaupangerelva hadde ein oppgangssager som skar tømmeret. For å frakte tømmeret til kjøparar i Bergen vart større delar av jekteflåten i Sognefjorden henta inn. Etter opp og nedturar i første halvdel av 1800- talet nådde sagbruket suksess og stabilitet på 1860- talet og utover. Ein årsak til suksessen kan ha vore at ei av oppgangssagene fekk sett inn så mykje som ni blad rundt 1850. Det var elles vanleg med langt færre blad.([http://nrk.no/sfj/leksikon/index.php/Kaupanger\\_Hovedg%C3%A5rd](http://nrk.no/sfj/leksikon/index.php/Kaupanger_Hovedg%C3%A5rd)) Dette gjorde arbeidet meir effektivt, og ein fekk gjort tilsynelatande meir på kortare tid. I tilknytning til sagbruket trengde ein arbeidskraft. Om sommaren var det arbeid å få knytt til jordbruket, medan elles i året kunne ein få jobbe i sagbruket. Mange arbeidsplassar innan skogbruket sette Kaupanger i ei særstilling.(Timberlid, A. 2011) Kaupanger hovudgard nytta seg av husmenn og leigendingar. Desse utførte det meste av skogsarbeidet og arbeidet på sagbruket. Så lenge det var arbeid å gjere i skogen eller på garden, hadde husmennene som plikt å stille. Når ein ser på lista over dei registrerte emigrantane, er det mange som er oppførde som husmenn. Det er rimeleg å tru at nokon av dei kan ha vore husmenn på Kaupanger hovudgard.

Den store herregarden brann ned i 1850, men vart gjenoppbygd same året med tilnærma same stil. Kaupanger hovudgard er i dag det største herskapshuset i Sogn og Fjordane. Innvendig kan ein seie at det har eit slottsprega interiør og fleire kongelege gjester har besøkt hovudbygninga gjennom tidene. Ein kan i dag framleis ane fortida sin prakt.(Starheim, 2009)

Amlagardane har sidan 1690 vore i Heiberg familien sitt eige. Gardane var todelte der Øvre Amla vart rekna som godset og Nedre Amla som var eit bruk under Øvre, vart lensmannsgard. I nyare tid vart Husum familien dei nye eigarane av Nedre. Det vart bygd opp eit museum i Amla etter Gert Falch Heiberg. Museet inneheldt gamle handverk og jordbruksreiskap, men også europeisk kunst. Sogn folkemuseum byggjer på samlingane frå det gamle museet i Amla.(Starheim, 2009).


Både på godsa Amla og Kaupanger hovudgard var det husmannsplassar. Det fanst også sjølveigande bønder som hadde husmannsplassar under seg sjølve, men desse låg på eit plata kalla Skogen. På Skogen fann ein også fleire leigendingsgardar som tilhørde familien Knagenhjelm. Andre gardar som merkte seg ut var gardane i Rudsviki, Rud og Haukåsen. Desse var leigendingar under Kaupanger godset.(Timberlid, A. 1978) Det meste av det

økonomiske næringslivet kretsa altså rundt dei to mektige godsa Kaupanger og Amla. Mange var husmenn eller leiglendingar under Knagenhjelm familien medan for familien Heiberg arbeidde det berre husmenn. Amla garden hadde ikkje leiglendingar. Det var hovudsakleg på dei to godsa ein fekk seg arbeid i bygda, det var heller få sjølveigande bønder. Korleis var folketalsutviklinga i Kaupanger på 1800- talet? Dette vil eg gjerne studere nærmare.

*Tabell 1: Folketalsutviklinga i Kaupanger 1801- 1900*

År	Folketal	Tidsperiode	Endringar	Endringar i %
1801	451			
1825	466	1801-1825	15	3,32
1835	514	1825-1835	48	10,3
1845	546	1835-1845	32	6,22
1865	609	1845-1865	63	11,53
1875	566	1865-1875	-43	-7,06
1900	542	1875-1900	-24	-4,24

*Diagram 1: Folketalet i Kaupanger 1801- 1900*



Når me studerer folketalsutviklinga i Kaupanger på 1800 – talet, er det for å sjå korleis det har utvikla seg tatt utvandringa i betraktning. Både ein auke og ein nedgang i innbyggjartal påverkar samfunnet. Folketala er henta frå folketeljingane som eg har funne på Fylkesarkivet([www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no)) og elles informasjon frå Berit Selseng.(Selseng, B. 2011) Fram til og med 1865 har me ein jamn stigning. I Sogn generelt auka folketalet nokså mykje i første halvdel av 1800- talet, men Kaupanger har med samanlikning lågare folketalsutvikling enn elles i Sogn.(Sunde, R. 2001) Når det så er nedgang ved folketeljingane både i 1875 og

1900 må dette venteleg skuldast utflytting, og då særleg til Amerika. Det er verdt å merke seg at det samla sett ikkje er så stor endring i folketalsutvikling i perioden 1801 – 1900 då auken berre er på 91 personar. Sjølv om det er ein liten nedgang frå 1875 er dette beskjedent og truleg ikkje noko drastisk påverknad på samfunnet.

For å få eit bilete på kven det var som budde på Kaupanger på 1800- talet og korleis den sosiale strukturen var, skal me studere folketeljinga for året 1865. Dette vil gje oss ein del informasjon om lokalsamfunnet.

Tabell 2: Sosial bakgrunn

<b>Folketeljinga for Kaupanger i 1865 tel 609 mennesker</b>		
<b>Sosial bakgrunn</b>	<b>Antall</b>	<b>Prosentvis</b>
Gradbrukarar( sjølveigarar)	37	6,07 %
Husmenn med jord	249	40,88 %
Tenestefolk	67	11 %
Dagleigarar	59	9,68 %
Gardbrukarar( leiglendingar)	107	17,56 %
Husmenn uten jord	5	0,82 %
Andre	85	13,95 %

Tal er henta frå folketeljinga i 1865 som er tilgjengelege på

Fylkesarkivet.([www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no))

Heile familien er tatt med i teljinga mi då både kone og born hjelper til heime, til dømes under gardbrukarar finn ein ikkje berre mannen som eig bruket, men også familien hans.

Folketeljinga frå 1865 er nominativ, det vil seie at vi får oppgitt både namn og yrke til personane. Utanom folketeljingane i 1801 og 1865 var ikkje denne informasjonen tilgjengeleg, då fekk ein berre vite antal menneske frå kvar gard. Den sosiale bakgrunnen til menneske seier mykje om deira posisjon i samfunnet. Yrkesgruppa som har størst andel i befolkninga er husmenn med jord. Det førekom alltid ein kontrakt mellom godseigar og husmann. Felles for alle gardsbruka i bygda var at ein kunne behalde plassen så lenge ein levde, mot at ein arbeida for godseigaren når det måtte passe for han, dette vart så løna. Eit anna ledd som kunne vere variabelt frå gard til gard var avgifta, denne innebar ei arbeidsplikt. Det kunne vere at ein dag i veka var satt av til førefallande arbeid utan lønn. Ein husmann måtte alltid vere klar for denne pliktdagen og kunne difor ikkje ta seg anna arbeid utanfor garden.(Timberlid, A. 1981) Husmannen hadde eit travelt og hardt arbeid og det gjekk ofte

utover arbeidet som burde vore gjort heime. Det vart desto meir å gjere for kone og born. Ein godseigar var i så måte avhengig av husmennene for å drive ein stor gard. Ei anna gruppe som merkar seg ut er leiglendingar som dreiv gardsbruk. Noko som også er interessant er at det var ganske få sjølveigande gardbrukarar og dette er nokså spesielt for Kaupanger. I 1865 var det altså flest husmenn med jord og leiglendingsbønder i Kaupanger. Dette seier oss at godsa Kaupanger og Amla var svært mektige då det var mange husmannsplassar og leiglendingsbruk under dei. Av folketeljinga i 1865 kan me konkludere med at husmenn med jord var i fleirtal og sjølveigande gardbrukarar i mindretal.

## **Analysen:**

### **Utvandrarane frå Kaupanger søkn:**

Korleis var eigentleg utviklinga av utvandringa frå Kaupanger til Amerika? Byrjar ho tidleg og varsamt for så å stiga jamt framover på slutten av 1800- talet? Gjekk talet på utvandrarar frå Kaupanger i ein jamn straum eller er det spesifikke år som peikar seg ut med høg utvandring? La oss sjå nærmare på dette.

## Årleg emigrasjon




Diagram og tabell(vedlegg) 3 viser den årlege utvandringa frå Kaupanger i tidsrommet 1844- 1915.

Emigrantane er plukka ut frå utflyttarlistene og emigrantprotokollane over Sogndal prestegjeld tilgjengelege på Fylkesarkivet([www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no)), samt informasjon frå Berit Selseng(Selseng, B. 2011)

Utvandringa frå Kaupanger til Amerika er ikkje jamn, den går i toppar og bølgedalar fram til den stig betrakteleg i 1883, men etter dette er emigrasjonen heller låg. Det totale utvandrartalet er 353 emigrantar for perioden 1844- 1915. Vi skal studere ulike årstal som peikar seg ut.

I 1844 markerte to kaupingar starten på utvandringa frå Kaupanger. Ungkarane Simen Anderson og Gulbrand Anderson var dei fyrste frå Sogndal prestegjeld som fekk utflyttarattest. Simen Anderson var gardbrukarson og kom frå garden Bjørk. Gulbrand Anderson var på si side husmannsson og kom frå Amlabukta.(Sunde, R. 1994) Simen var den yngste i ein syskenflokk på seks og hadde ingen forpliktingar til garden. Saman med Gulbrand skaffar Simen seg presteattest for å kunne reise til Amerika. Fleire frå Sogndal og andre bygder i Sogn reiste saman med desse to kaupingane med utvandrarskuta ”Juno”. Dei fleste sogndølene slo seg ned i Stoughton, Dane county, Wisconsin, men Simen vel seg ein annan tettstad Wiota, Lafayette County, Wisconsin.(Pedersen, I. 2002) Nettopp her hadde den første sogning i Amerika, Per Ivarson Undi frå Vik, slege seg ned. Han utvandra alt i 1839. (Sunde, R. 2001) Kvar Gulbrand tok vegen har eg ikkje greidd å spore opp. Simen giftar seg med ei enkje og etablerer eit liv her. Det andre huset han bygde på garden sin i Amerika eksisterer den dag i dag og vert brukt av etterkommarane hans til spesielle anledningar. (Pedersen, I. 2002)

Det første året som merkar seg ut med mange utvandrar er året 1856 med 15 emigrantar. Frå nye 15 emigrantar i 1862 er det ingen som reiser verken 1863 eller 1864. Dette kan ha mykje med borgarkrigen i Amerika å gjere. Eit anna moment som kan ha skremt sogningane kan ha vore indianarkrigen. Ufred gjorde nok til at mange vart skremde frå å reise. Då borgarkrigen enda i 1865 tok emigrasjonen seg opp igjen. I 1867 har vi eit nytt topp år med 22 utvandrarar. Neste topp kjem åtte år seinare, i 1872, då vi har 16 emigrantar. I 1880 har vi 17 menneske som reiser over til Amerika. Sjølv om vi har topp år med mange emigrantar er det også år der det er nesten inga utvandring. Frå 22 emigrantar i 1867 er det ingen som reiser året etterpå for eksempel. Utferdsla går riktig nok i rykk og napp.

Eit markant år som skil seg ut i heile perioden 1844 - 1915 er året 1883. Heile 45 kaupingar valde å forlate bygda. Det viser seg at ein del familiar ønskte å skape seg eit liv i Amerika

dette året. På den andre sida er det også mange einslege som reiser. Noko som er interessant å merke seg er tre emigrantar sin snarlege vitjing i Kaupanger i 1883. Ekteparet Ola Jenssen Amble og Kari Ingebriktsdotter hadde opphavleg forlete bygda til fordel for Amerika allereie i 1875, men kom tilbake for ein kortare periode i 1883 før dei returnerte til Amerika att. Ole kom frå plassen Nesateigen under nedre Amla (Husum). I 1879 hadde også broren til Ole, Bernt, reist over til Amerika. Også han kom heim att for så å reisa igjen i 1883. Det er rimeleg å tru at desse kan ha drive agitasjon tidleg i 1880- åra og så fått med seg eit stort følge i 1883.(Timberlid, A. 2011) Registreringa til desse 3 personane er noko uklar så den ville eg klarleggje. Ole er oppført både i 1875 og 1883, først som ugift og deretter gift. Han og Kari må difor ha gifta seg der borte.

Eit amerikabrev skrive i oktober 1882 av Ole Amble bekrefta iveren etter å få slektningar og andre kjente over til Amerika. Dette kan ikkje vere den Ole Amble eg har omtalt her då brevet hans frå Amerika er adressert til Heiberg som tilhørde Øvre Amla. Den Ole Jensen Amble som eg har registrert i mitt arbeid er oppført med Wisconsin som sin heimstat, medan den Ole i brevet beskriv sine tankar frå hans bustad i Gowen, Michigan. Uansett er budskapet retta mot dei heime i Kaupanger. Innhaldet i brevet fortel om generelle og sosiale tilhøve i Amerika. Religiøse betraktningar og ytringsfridom er andre tema som dukkar opp. Framfor alt formidlar den utflytta kaupingen at han ynskjer at fleire sambygdingar skal komme over Atlanteren. ( Amerikabrev SFFB- 91017.014 henta den 15. februar 2011 frå [www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no))

Slutten av 1800- talet og byrjinga av 1900- talet viser ein nedgang i emigrasjonsbølga frå Kaupanger. I motsetnad til resten av landet der det framleis er ein del utvandring utover på 1900 talet, reiser få ut frå Kaupanger og ein del kaupingar kjem heim att. Ei av dei få som valde å reise frå Kaupanger i starten av 1900- talet var Gunhild Eriksdotter Bjørk, mi tipp-oldemor. Gunhild var fødd i 1886 og emigrerte i 1906, 20 år gammal. Heimgarden var Bjørk der ho budde saman med den eitt år gamle sonen sin og foreldra hennar. Arbeidstittelen hennar var husarbeidar, ho hjalpte altså til heime. Bornet hennar vart fødd utanfor ekteskap, og det var liten kontakt med barnefaren. Gunhild ynskte å skape eit betre liv for seg og sonen og valet falt på Amerika. Ho ville skape seg eit liv med bustad og arbeid før sonen skulle komme bortover. Med tungt hjarte etterlet ho sonen hjå foreldra sine med lovnad om å hente han snarast mogleg. I 1910, fire år etter kan me sjå av emigrantprotokollen at Gunhild er tilbake i Kaupanger, no med namnet Hilda (sikkert lettare å uttale i Amerika). No hadde ho skapt seg eit liv i Amerika og ville ha med seg sonen bortover. Dette vart ikkje så enkelt som

ho hadde trudd. Sidan Olav var den einaste til å overta Bjørkagarden let ikkje foreldra til Gunhild ho ta han med seg over Atlanteren. Og slik vart det, Gunhild reiste tilbake, sonen vart buande på Bjørk og oppdregen av besteforeldra sine.(Bjørk, T. 2011)

### Femårleg utvandring




Diagram 4 - femårleg utvandring

Ein skulle tru at når vi delte talet på utvandrarar frå Kaupanger inn i femårsperiodar, ville årlege variasjonar jamna seg ut. Det skjer ikkje. Variasjonar frå fem år til fem år er store. Dette bekreftar som den årlege framstillinga, at emigrasjonen føregjekk i rykk og napp. Tre periodar merkar seg ut med stor utvandring. I 1859- 1863 har me 38 emigrantar. Neste topp er femårsbolken 1874- 1878 med 50 utvandrarar. Kurva stig riktig nok til vørs i perioden 1879- 1883 då den innehar toppåret 1883. Kvart år i denne perioden har likevel rimeleg mange utvandrarar. Samla for denne perioden finn ein 94 emigrantar, noko som utgjør over ein firedel av den totale utvandarmengda frå 1844 - 1915. Etter denne femårsbolken synk antalet emigrantar betrakteleg, i 1884 - 1888 finn me berre 21 som drog, ein kraftig nedgang. Nedgangen fortsetter heilt til ein liten stigning i 1899-1903. Det er likevel klart at me snakkar om eit skilje før og etter 1883. Fram til 1883 har me ein tidvis med unntak av 1864-1868 stigning av utvandrar medan det er tydeleg tendens til at talet går ned etter 1883.

## Familiefolk eller einslege utvandrara?




Diagram 5: Familiefolk eller einslege utvandrara?

Når ein først skal analysere kven som utvandra er det interessant å studere om dei reiste aleine eller saman med andre familiemedlemmar. Nokre reiste åleine medan andre saman med familien sin. Eg har valt å studere dette utifrå femårsbolkar for å få eit breiare resultat.

Blant emigrantane frå Kaupanger er det både einslege og familiar som reiser til Amerika. Ein skulle tru at dei første som valde å reise frå heimlandet, var einslege folk som var klare til å etablere seg i det nye landet, men dette var ikkje heilt tilfelle. Riktig nok var dei første som reiste ungkarar, men desse står i kontrast til resten av utvandrara frå Kaupanger. Fram til 1883 var det faktisk flest familiefolk som reiste. Vi kan seie at vi hadde ei sterk familieutvandring. Det er viktig å få med at vaksne ”born” som reiste saman med resten av familien, høyrer til kategorien familiar. I mitt registreringsarbeid er personar frå 15-årsalderen og rekne som vaksne. Frå 1884 og utover snur trenden seg, då er einslege i fleirtal. Perioden 1899 - 1915 viser at særleg mange einslege reiser, samla sett er antalet 46 personar. Vi kan seie at fram til 1883 var den typiske utvandrar mann og kone med born, men frå då av var det den unge, ugifte mannen og til dels den unge, ugifte kvinna som utgjorde emigrantane frå soknet.

## Kjønn




Diagram 6: Kjønn

Dersom me ser på kjønnsfordelinga må me seie at den er nokså lik. Mennene er så vidt i fleirtal, 186 menn mot 167 kvinner gir eit prosentvis anslag på høvesvis 53 og 47 %. Dette seier oss at kjønnsmonsteret ikkje har noko særleg påverknad på emigrasjonen. Diagrammet viser at det var fleire menn enn kvinner som drog i veg frå 1884. I femårsbolkanane 1859 - 1863, 1869 - 1873 & 1874 - 1878 er det likevel noko fleire kvinner enn menn. Femårsbolken 1879 - 1883 innehar toppåret 1883 og difor mange utvandrarar. I denne femårsbolken er det nesten like mange kvinner som menn, 46 kvinner mot 48 menn. Dette kjønnsmonsteret med omsyn til kven som utvandra frå Kaupanger, bryt noko med det som elles var vanleg då mennene var i noko større grad i fleirtal.

## Alderssamansetjing

Eg har delt utvandarmassen frå Kaupanger inn i 15- års bolkar både blant mennene og kvinnene. Dette er for å sjå kva tendensar vi kan hente utifrå dette materialet. Diagrammet syner kor mange det er innanfor kvar aldersgruppe samla sett for perioden. Det er difor naudsynt å jamføre med den tilhøyrande tabellen i vedlegget for å hente ut informasjon om kvar 15-års bolk. Er det ei spesiell aldersgruppe som skil seg ut? Har alderstrukturen endra seg gjennom perioden 1844- 1915? Og er det forskjellar mellom menn og kvinner?

a) Menn:



b) Kvinner:




Diagram 7: Alderssammansetjing, forskjell menn og kvinner

Av emigrantane er det berre ein person eg ikkje har fått alderen på, vedkommande er difor utelate i denne granskinga. På bakgrunn av tabellen i vedlegget kan ein sjå at den perioden som skil seg klart ut er femtenårsbolken 1874- 1888, heile 24 menn og 22 kvinner i alderen 20- 29 år utvandra. I same tidsrom er det også mange menn og kvinner i alderen 10- 19. Utifrå informasjon frå diagrammet kan me slå saman menn og kvinner i aldersgruppa 20- 29 år for heile utvandringsperioden, då får me totalt 127 personar, det vil seie at om lag 36 % av emigrantane tilhørde denne kategorien. Dette fortel oss at fleirtalet av utvandrarane var unge menneske som ville ut av bygda og prøve lukka i Amerika. Den typiske utvandrararen i tidsrommet 1844- 1915 var unge menn og kvinner i alderen 20 til 29 år.

Dersom ein ser på resten av alderstrukturen kan ein sjå at aldersgruppa 0-9 år også har mange emigrantar frå perioden 1874- 1888. Dette kan forklarast med at ein del familieutvandring råda i desse åra. Då kjønnsstrukturen samla sett ikkje har skilt seg noko særleg ut, har den heller ikkje gjort det i forhold til alderstruktur.

## Yrke

Så langt veit vi noko om alder, kjønn og familiestruktur ved utreisa til emigrantane, men kven var dei egentleg? Vi skal no sjå vidare på den sosiale bakgrunnen til dei.




Diagram 8: Yrke

På Kaupanger var det ikkje så mange ulike yrker i siste halvdel av 1800 talet. Vi har sett at dei var husmenn, men vi finn også mange leiglendingar og elles tenestefolk. I tabellen har eg slege saman gruppa leiglendingar og sjølveigarar til gruppa gardsfolk . Det er likevel realistisk å anta at dei fleste av utvandarane var leiglendingar då folk som eigde noko kanskje ikkje hadde same behovet for å emigrere. Ein fellesnemnar for folk frå Kaupanger er at mange hjelpete til heime eller arbeidde i tilknyting av dei to godsa Kaupanger og Amla. Utifrå diagrammet kan ein sjå at av dei som utvandra er husmenn og gardsfolk i fleirtalet av emigrantar. Gruppa som er kalla andre omfatta blant anna tenesteyrker.(sjå vedlegg 2 over alle emigrantane, spesielt sosial bakgrunn) Inderstane var folk som leigde eit rom i eit hus for så å livnære seg ved å hjelpe til på garden eller ta seg arbeid som handtverkar.

([www.lokalhistoriewiki.no](http://www.lokalhistoriewiki.no))

Kven var det som kom under kategorien husmenn? Ein fellesnemnar var at dei *leigde mindre plassar som ikkje var skyldsett som eigne gardsbruk*. (Stoa, N. & Sandberg, P. 1992, s. 134)

Husmannsplassane tilhørde ein annan eigedom og var underlagt av ein godseigar eller sjølveigar bonde. Forholdet mellom husmann og gardseigar var ulikt geografisk sett i Noreg. På Vestlandet var det imidlertid vanleg at husmannen betalte ei leigeavgift til gardseigaren. Det fanst både husmenn med og utan jord. Av folketeljinga i 1865 såg me at det var mange husmenn med jord på Kaupanger. Størrelsen på husmannsplassane varierte veldig. Dersom ein ikkje hadde nokon eigen gard eller leigde ein gard, var ofte husmannskår eit alternativ for å livnære seg. Denne sosiale bakgrunnen vart sett på som underklasse i samanheng med gardbrukarane. Husmannsvesenet hadde riktig nok oppstått på grunn av folkeauke og mangel på jord.(Stoa, N. & Sandberg, P. 1992)

Kva var så skilnaden mellom ein husmann og ein leiglending? Det var ein nokså stor skilnad på ein husmann og ein leiglending. Leiglendingane hørde under yrkesgruppa gardbrukarane. Desse hadde sitt daglege virke på ein gard og ikkje ein plass som husmennene. Dersom du var leiglending på ein stor gard, hadde du gjerne betre forhold enn om du var sjølveigar på ein mindre gard. (Stoa, N. & Sandberg, P. 1992)

### **Samanlikning med Arnafjord**

Eg har valt å gje ei kort samanlikning med Arnafjord sokn i Vik i Sogn då dette soknet hadde svært stor utvandring. Dette fordi Arnafjord er nokolunde på størrelse med Kaupanger og det er interessant å sjå folketalsutviklinga i Kaupanger i forhold til andre kyrkjjesokn i Sogn. Omfanget av utvandringa frå Kaupanger seier oss lite utan at vi samanliknar med andre tilsvarende områder. Antal innbyggjarar frå Arnafjord er henta frå Rasmus Sunde si hovudoppgåve om utvandring til Amerika frå Vik i Sogn 1839- 1915.(Sunde, R. 1974. s, 166)

Årstal	Antal innbyggjarar på Kaupanger	Antal innbyggjarar i Arnafjord
1801	451	513
1825	466	640
1835	514	715
1845	546	714
1865	609	757
1875	566	681
1900	542	751

*Tabell 9 som viser forskjellen i folketalsutviklinga på Kaupanger og i Arnafjord.*

	Kaupanger	Arnafjord
Tidsperiode	Endring i %	Endring i %
1801- 1825	3,3	24
1825- 1835	10,3	11,7
1835- 1845	6,22	-0,13
1845- 1865	11,5	6
1865- 1875	-7	-10
1875- 1900	-4,2	10,27

Tabell 10 som viser endringa i folketalsutviklinga i prosent. Dei tala som er merka med raudt syner nedgang i befolkningstalet.




Diagram 11 over folketalsutviklinga i Kaupanger samanlikna med Arnafjord.

Utifrå tabellen og diagrammet ser vi at det er noko fleire innbyggjarar i Arnafjord enn på Kaupanger. Begge sokna har ein jamn auke i folketalet frå 1801 til 1865, men det mest i augnefalla er den kraftige veksten i Arnafjord i perioden 1801- 1825 med heile 24 prosent medan Kaupanger har ein beskjeden auke på 3,3 prosent. I tiåret 1865- 1875 har begge sokna nedgang i folketalet. Det er gjerne noko uventa at folketalet i Arnafjord aukar att frå 1875- 1900. Dette skuldast nok at utvandringa minka samstundes som gruveverksemd gav arbeidsplassar i soknet.(Sunde, R. 2001) Kaupanger hadde på si side nedgang i perioden 1875- 1900 då det framleis var utvandring.

## Utvandringsintensitet




Diagram 12 viser utvandringsintensiteten i Kaupanger samanlikna med intensiteten i Arnafjord frå 1844 - 1899 fordelt i femårsbolkar.

Antal utvandrere frå Arnafjord er henta frå Rasmus Sunde sitt demografisk- komparative studie frå i Vik i Sogn. (Sunde, R. 2001) Derav ei litt anna års inndeling enn eg har nytta meg av tidlegare.

Utvandringsintensitet vert brukt for å måle den relative emigrasjonen frå eit bestemt avgrensa område. Dette fortel oss kor mange som reiser pr 1000 innbyggjarar av folketallet i eit fastsett tidsrom.(Sunde, R. 2001) Med utvandringsintensitet meiner me hyppigheita av utvandringa i Kaupanger og Arnafjord. Frå 1844- 1875 ser me av diagrammet at Arnafjord har ei relativ langt større utvandring enn Kaupanger. Femårsbolkane 1875- 79 og 1880- 84 plasserer likevel Kaupanger seg med størst utvandringsintensitet. Perioden 1880- 84 innehar toppåret 1883 for emigrasjon frå Kaupanger. Frå 1885 er utvandringa heller låg for både Arnafjord og Kaupanger sjølv om Arnafjord ligg noko høgare i intensitet. I Kaupanger er intensiteten gradvis aukande fram til 1884 då det er nedgang frå då av. Arnafjord på si side har stor utvandring, men er likevel prega av toppar og bølgedalar før det til liks med Kaupanger synk frå 1884.

### **Kva er det som særmerker utvandringa frå Kaupanger?**

Som me har sett tidlegare, hadde Kaupanger ein spesiell sosial struktur i bygda med to gods som merka seg ut. Desse var Kaupanger hovudgard og Øvre Amla. Under seg hadde godseigarane fleire husmannsplassar og leiglendingar som arbeidde for dei. Den største yrkesgruppa utgjorde difor husmenn og leiglendingar. At det var heller få sjølveigande bønder i bygda, skil Kaupanger frå mange andre bygder i Sogn. Jordbruket var riktig nok næringsgrunnlaget om sommaren, men resten av året kunne mange få seg arbeid i skogbruket. Dei store drivverdige skogane sette Kaupanger i ei særstilling på Vestlandet.(Timberlid, A. 1978) Skogbruket gav fleire arbeidsplassar. Ein skulle tru at når tilgangen på arbeid ikkje var så vanskeleg, ville folkemengda i bygda auke. Det viser seg imidlertid at folkeauken i Kaupanger i perioden 1801 – 1835 var langt mindre enn elles generelt i Sogn. (Sunde, R. 2001) Mykje tyder på at dei to godseigarane regulerte arbeidstilgangen og opprettinga av husmannsplassar og såleis folketalsutviklinga i kyrkjesoknet. Desse faktorane influerte såleis på utvandringa frå Kaupanger.

Då eg starta arbeidet med oppgåva, trudde eg at utvandringa frå Kaupanger til Amerika kom til å vere relativ stor då eg visste at utvandringa frå Sogn elles var det. Hypotesen sler derimot ikkje heilt til. Den relative emigrasjonen frå Kaupanger til Amerika er godt under utvandringa generelt for Sogn. (Sunde, R. 2001) Variasjonane frå bygd til bygd i Sogn er

difor store. Dette såg me av den store utvandringa frå Arnafjord. At det var heller få som emigrerte frå Kaupanger tyder på at folk hadde det relativt bra her.

Av dei som emigrerte, fann eg flest frå husmannsklassen. Husmennene var riktig nok eigedomslause så det var kanskje ikkje så rart at nokre valde å reise. I tillegg kunne arbeidet for ein godseigar vere travelt og hardt. Når ein heller ikkje eigde noko hadde ikkje borna noko å ta over. Bekymring for ungane og framtida kunne spele inn. Framfor alt var Amerika eit nytt og spennande land der ein kunne få seg opp til 640 mål land så å seie gratis gjennom Homestead lova av 1862.(Gulli, H.1984) Det måtte verke forlokkande for husmennene og borna deira i Kaupanger som elles i landet.

## **Avslutning**

Det å skrive denne oppgåva har vore eit svært lærerikt og interessant arbeid. Eg har funne ut mykje spennande om heimbygda mi Kaupanger som eg ikkje visste på førehand.

Problemstillinga i dette studiet har vore å sjå utviklinga av emigrasjonen frå Kaupanger til Amerika i perioden 1844 til 1915. Dette har gitt meg rom for å gjere eit sjølvstendig forskningsarbeid der eg har gjort greie for ulike faktorar som kjønn, alder, sivilstatus og sosial bakgrunn. Dei store godsa Knagenhjelm og Heiberg sin posisjon i vesle, naturskjønne Kaupanger har vore interessant å studere. Spesielt Knagenhjelm hovudgard og deira verksemd med skogbruket gjorde dei til mektige arbeidsgivarar. Både folketalsutviklinga og folketeljinga i 1865 seier noko om forholda i bygda, og kven som budde her. Frå 1865 og utover går befolkninga ned som følgjer av utvandringa til Amerika. Av folketeljinga anno 1865 er dei fleste innbyggjarane husmenn med jord. Mykje tyder på at husmenn med jord hadde nokså bra levevilkår i Kaupanger på grunn av at arbeid i skogen hjå godseigarane gav kjærkommen inntekt.

Til å byrje med gjekk eg gjennom den årlege utvandringa for å sjå om utvandringa var jamn eller peika seg ut med år der det var høg utvandring. Utvandringa frå Kaupanger til Amerika kan på ingen måte kallast jamn då den er prega av både toppar og bølgedalar. Eit markant år som skil seg ut med stor utvandring er årstalet 1883 med heile 45 emigrantar. Etter 1883 er utvandringa heller låg. Samla sett for heile perioden 1844 - 1915 har me 353 registrerte emigrantar som reiste frå Kaupanger til Amerika. For å undersøke om utvandringa jamna seg ut, sette eg opp emigrantane i femårsbolkar. Variasjonane frå fem år til fem år var store, dei årlege variasjonane jamna seg altså ikkje noko særleg ut.

Eit interessant tilhøve eg ville undersøke var om folk reiste aleine eller saman med familiane sine. Sjølv om dei første som reiste frå Kaupanger til Amerika var ungarar, er det likevel flest familiar som utvandrar fram til 1883. Frå 1884 er det dei unge, einslege som er i fleirtal blant emigrantane. Ein annan faktor eg ville studere var om det var eit spesielt kjønnsmonster. Kjønnsfordelinga er nokså lik med om lag 53 prosent menn mot 47 prosent kvinner. Ein kan ikkje seie det var noko spesielt kjønnsmonster når det gjeld emigrasjonen frå Kaupanger. Alder er ein annan spennande faktor eg ville finne ut av. Var folk i ein spesiell alder då dei utvandra og varierte dette mellom menn og kvinner? Den aldersgruppa som peika seg klart ut var gruppa i alderen 20- 29 år, vel 36 prosent av alle utvandrarane tilhørde denne kategorien. Dette fortel oss at det var unge menneske som ville ut av bygda og prøve lukka i Amerika. Kjønnsstrukturen merka seg lite ut i forhold til alder. Kven folk verkeleg var finn ein først ut når ein undersøker den sosiale bakgrunnen. Det var imidlertid ikkje så mange yrker på Kaupanger i siste halvdel av 1800- talet. Blant emigrantane fann eg flest husmenn.

Gjennom analysen har me fått fleire indikatorar på kven utvandrarane var, men samla sett seier ikkje utvandringsprosessen frå Kaupanger oss noko utan at vi samanliknar den med andre tilsvarande område. Eg valde å samanlikne med Arnafjord sokn i Vik då eg visste at det hadde vore stor utvandring derifrå til Amerika. Ved å studere folketalsutviklinga mellom dei to bygdene fann eg ut at det var noko fleire innbyggjarar i Arnafjord enn på Kaupanger.

Sett bort ifrå to femårsbolkar syner det seg seg at Arnafjord har relativt langt større utvandring enn Kaupanger. I tillegg er utvandringa frå Kaupanger lågare enn for heile resten av Sogn.(Sunde, R. 2001) Dette kan fortelje oss at folk hadde tilgang på arbeid og hadde det ganske bra økonomisk. Det var ikkje naudsynt at folk måtte reise, men nokre gjorde det likevel av ulike grunnar. Det fell utan for denne oppgåva å gå nærmare inn på dei spesifikke årsakene til at så mange som 353 personar valde å dra over havet til Amerika.

Utvandringa frå Kaupanger, Sogn og Noreg generelt har skapt eit nært forhold mellom Noreg og Amerika. Mange nordmenn studerer slektningane sine liv i Amerika, medan også fleire amerikanarar er på søken etter sine norske røtter.

## **Kjelder:**

### **Munnlege kjelder:**

Trygve Bjørk født 1937

Berit Selseng født 1943

Anders Timberlid født 1951

### **Prenta kjelder:**

Semmingsen, I. (1964) *Utvandringen og det utflyttede Norge*. H. Aschehoug & Co (W. Nygaard), Oslo

Sunde, R. (1974) *Ei undersøking av utvandringa til Amerika frå Vik i Sogn 1839- 1915*. Hovudoppgåve i historie

Semmingsen, I. (1978) *Utvandringa- det store oppbrotet*. Det norske samlaget, Oslo

Timberlid, A. (1978) *Den økonomiske utviklinga i Kaupanger ca. 1800- 1865*. Hovedoppgåve i historie hausten 1978. UIB, Bergen

Timberlid, A. (1981) *For pladsen skal han slide... Husmannsskipnaden i Sogn og Fjordane*. Tiden Norsk forlag, Norge

Gulli, H. (1984) *Reisen til Amerika*. Universitetsforlaget, Lommedalen.

Stoa, N. & Sandberg, P.(1992) *Våre røtter- Håndbok i slektsgransking for nybegynnere og viderekomne*. J.W. Cappelens Forlag, Mladinska Knjiga.

Sunde, R. (1994) *Ei utvandrersoge frå Sogndal- lokalhistorisk undervisningshefte*. Sogndal

Sunde, R. (2001) *Vikjer ved fjorden- Vikjer på prærien*. Ein demografisk komparativ studie med utgangspunkt i i Vik i Sogn. Avhandling for doctor artium- graden. UIB, Bergen

Pedersen, I. (2002) *...So han sa...Lokalhistorisk årshefte, årgang 3*. Husabø prenteverk, Sogndal

Grønmo, S. (2004) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Fagbokforlaget, Bergen

Starheim, O. (2009) *Fylkesleksikon Sogn og Fjordane bind 111*. NRK Aktivum, Korotan Ljubljana, Slovenia.

**Internett:**

*Utflyttarlistar, emigrantprotokollar, folketeljingar, amerikabrev og bilete*. Henta 5. Januar frå

[www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no)

*Kaupanger*. Henta 14. Januar frå

[www.knaken.no](http://www.knaken.no)

*Kaupanger hovedgård*. Henta 15. Januar frå

[http://nrk.no/sfj/leksikon/index.php/Kaupanger\\_Hovedg%C3%A5rd](http://nrk.no/sfj/leksikon/index.php/Kaupanger_Hovedg%C3%A5rd)

*Inderst*. Henta 5. Mars frå

[www.lokalhistoriewiki.no](http://www.lokalhistoriewiki.no)

## Vedlegg

### Vedlegg 1:

Tabell 3: Årleg emigrasjon

Årstal	Tal emigrantar
1844	2
1846	2
1850	5
1851	1
1856	15
1857	1
1859	5
1861	18
1862	15
1865	1
1866	1
1867	22
1869	2
1870	1
1871	1
1872	16
1873	6
1874	8
1875	14
1876	13
1877	6
1878	10
1879	9
1880	17
1881	10
1882	12
1883	45

1884	1
1885	3
1886	8
1887	8
1888	1
1890	2
1891	1
1892	4
1893	2
1894	3
1895	2
1896	1
1899	2
1900	2
1901	7
1902	4
1903	4
1904	2
1906	10
1907	8
1908	1
1909	2
1910	1
1911	4
1912	3
1913	2
1914	5
1915	2

Tabell 4: Antal emigrantar i femårs-bolkar fordelt på kjønn

Femårsbolkar	Antal emigrantar	Menn	Kvinner
1844- 1848	4	3	1
1849- 1853	6	3	3
1854- 1858	16	9	7
1859- 1863	38	16	22
1864- 1868	24	13	11
1869- 1873	26	12	14
1874- 1878	51	23	28
1879- 1883	93	47	46
1884- 1888	21	13	8
1889-1893	9	7	2
1894- 1898	6	3	3
1899- 1903	19	13	6
1904- 1908	21	13	8
1909- 1915	19	11	8

Tabell 5: Oversikt over antal einslege og familiefolk

Femårsbolkar	Einslege	Familiefolk
1844- 1848	2	2
1849- 1853	4	2
1854- 1858	7	9
1859- 1863	16	22
1864- 1868	9	15
1869- 1873	9	17
1874- 1878	9	42
1879- 1883	26	67
1884- 1888	13	8
1889- 1893	9	0
1894- 1898	4	2
1899- 1903	13	6
1904- 1908	18	3
1909- 1915	16	3

Nyttar ikkje tabell her for diagram 2.4 kjønn, då tabellen 2.2 tok for seg fordelinga mellom menn og kvinner. Ein eigen tabell for kjønn vil vere overflødig då me får antal menn og kvinner i tabell 2.2.

Tabell 7: Alderssamansetjing

ALDERSTRUKTUR:	MENN						
Femtenårsbolkar	0- 9 år	10- 19 år	20- 29 år	30- 39 år	40- 49 år	50- 59 år	60+
1844- 1858	2	0	7	4	1	1	0
1859- 1873	3	12	14	6	3	1	2
1874- 1888	16	21	24	6	6	5	5
1889- 1903	3	4	14	0	0	0	1
1904- 1915	0	7	12	2	2	1	0
	<b>24</b>	<b>44</b>	<b>71</b>	<b>18</b>	<b>12</b>	<b>8</b>	<b>8</b>

ALDERSTRUKTUR:	KVINNER						
Femtenårsbolkar	0- 9 år	10- 19 år	20- 29 år	30- 39 år	40- 49 år	50- 59 år	60+
1844- 1858	3	0	4	2	1	1	0
1859- 1873	11	9	16	5	2	1	3
1874- 1888	20	19	22	7	3	7	3
1889- 1903	0	4	5	2	0	1	0
1904- 1915	0	5	9	1	0	1	0
	<b>34</b>	<b>37</b>	<b>56</b>	<b>17</b>	<b>6</b>	<b>11</b>	<b>6</b>

\*Manglar alderen på ein person, denne er utelatt i tabellen ovanfor.

Tabell 8: Sosial bakgrunn

Femårsbolkar	Gardsfolk	Husmenn	Inderstar	Andre	Manglar
1844- 1848	1	3	0	0	0
1849- 1853	0	6	0	0	0
1854- 1858	4	3	7	1	1
1859-1863	8	12	1	9	8
1864- 1868	3	11	2	1	7
1869- 1873	9	15	0	2	0
1874- 1878	3	38	3	6	1
1879- 1883	15	34	9	31	4
1884- 1888	8	7	0	4	2
1889- 1893	3	2	0	4	0
1894- 1898	4	0	0	2	0
1899- 1903	8	3	1	3	4
1904- 1908	10	1	0	10	0
1909- 1915	8	1	0	7	3
<b>Sum</b>	<b>84</b>	<b>136</b>	<b>23</b>	<b>80</b>	<b>30</b>

Tabell 12: Nøkkeltal for utrekning av utvandringsintensitet

	<b>Antal utvandrere: 5-årleg</b>	
	Arnafjord	Kaupanger
1844-49*	89	4
1850-54	59	6
1855-59	103	21
1860-64	77	33
1865-69	96	26
1870-74	112	32
1875-79	61	52
1880-84	68	85
1885-89	46	20
1890-94	41	12
1895-99	37	5

\*I femårsbolken 1844- 49 er 1840- 44 tatt med.

## Vedlegg 2:

Utvandrere frå Kaupanger til Amerika 1844- 1915					
Namn	Emigrasjonsår	Kjønn	Alder	Sivilstatus	Yrke
Simon Andersen Bjørk	1844	M	38	ugift	gardbrukarson
Gulbrand Andersen Amle	1844	M	35	ugift	husmannson
Ole Anfinsen	1846	M	28	gift	husmann
Martha Dalåker Steensdotter	1846	K	42	gift	husmannskone
Elling Torsteinsen	1850	M	56	gift	husmann
Sigrid Berntsdotter	1850	K	56	gift	husmannskone
Gjertrud Ellingsdotter	1850	K	24	ugift	husmannsdotter
Torstein Ellingsen	1850	M	21	ugift	husmannsson
Johannes Olsson	1850	M	23	ugift	husmannsson
Bertina Berntsdotter	1851	K	26	ugift	husmannsdotter
Anders Olsson	1856	M	35	ugift	ikkje identifisert
Erik Johannessen	1856	M	40	gift	husmann
Unni Olsdotter	1856	K	33	gift	tenestejente
Ola Eriksen	1856	M	4	barn	husmannsson
Katarina Kristensdotter	1856	K	23	ugift	husmannsdotter
Jens Nilsen	1856	M	35	gift	inderst
Marta Sjursdotter	1856	M	39	gift	inderst.kone
Ragnhild Jensdotter	1856	K	9	barn	barn av inderst
Nils Jenssen	1856	M	7	barn	barn av inderst
Marta Jensdotter	1856	K	4	barn	barn av inderst
Olina Jensdotter	1856	K	6mnd	barn	barn av inderst
Nils Torbjørnsen Vangestad	1856	M	20	ugift	gardmannsson
Kristi Olsdotter Vangestad	1856	K	20	ugift	gardmannsdotter
Lars Endresen Amble	1856	M	23	ugift	barn av inderst
Arnfinn Nilsen	1856	M	21	ugift	gardmannsson
Erik Eriksen Engesæther	1857	M	22	ugift	gardmannsson
Ola Kristensen Olstad	1859	M	34	gift	ikkje identifisert
Kari Nilddotter Hauståker	1859	K	27	gift	ikkje identifisert
Elisabet Olsdotter	1859	K	5	barn	ikkje identifisert
Kristi Olsdotter	1859	K	2	barn	ikkje identifisert
Kari Olsdotter	1859	K	6mnd	barn	ikkje identifisert

Hans Sylfestsen Dalåker	1861	M	19	ugift	gardmannsson
Anders Ingebrigtsen Bjørk	1861	M	24	ugift	gardmannsson
Ola Nilssen Hauståker	1861	M	19	ugift	gardmannsson
Torbjørn Andersen	1861	M	38	gift	tenar
Anna Monsdotter	1861	M	36	gift	tenarkone
Anders Torbjørnsen	1861	M	11	barn	born av tenarar
Marta Torbjørnsdotter	1861	K	8	barn	born av tenarar
Synneva Torbjørnsdotter	1861	K	5	barn	born av tenarar
Ola Torbjørnsen	1861	M	3	barn	born av tenarar
Ola Olsen Brekke	1861	M	23	ugift	gardmannsson
Sunneva Torbjørnsd. Vangestad	1861	K	21	ugift	gardmannsdotter
Jon Andersen Vangestad	1861	M	73	gift	tenar
Lukris Olsdotter	1861	K	69	gift	tenarkone
Maria Simonsdotter Olstad	1861	K	29	ugift	husmannsdotter
Kristi Olsdotter Vangestad	1861	K	25	ugift	gardmannsdotter
Anna Sofie Olsdotter Vangestad	1861	K	20	ugift	gardmannsdotter
Gjertrud Simonsdotter Brekka	1861	K	23	ugift	ikkje identifisert
Olina Bårdsdotter Amble	1861	K	25	ugift	inderst.dotter
Anders Olsen Bjørk	1862	M	35	gift	husmann
Kristi Eriksdotter Engesæther	1862	K	28	gift	husmannskone
Ølgård Andersdotter	1862	K	2	barn	husmannsdotter
Nils Arnfinnsen Hovland	1862	M	18	ugift	ikkje identifisert
Mikkel Steinsen Olstad	1862	M	41	gift	husmann
Agatha Ellendsdotter Haugen	1862	K	65	gift	husmannskone
Marta Steensdotter	1862	K	33	ugift	husmannsdotter
Kristen Andersen Vestreim	1862	M	32	gift	husmann
Marta Andersdotter	1862	K	35	gift	husmannskone
Ola Simonsen Olstad	1862	M	28	ugift	husmannsson
Sjur Bårdsen	1862	M	21	ugift	husmannsson
Kristen Berntsen Hovland	1862	M	32	ugift	husfolk
Anna Jonsdotter Rudsvik	1862	K	28	ugift	dotter av forpaktar
Metta Olsdotter Rudsvik	1862	K	8	barn	gardmannsdotter
Kari Jensdotter Ekra Vestreim	1862	K	19	ugift	ikkje identifisert
Ola Bårdsen	1865	M	17	ugift	ikkje identifisert
Endre Jonsen Hovland	1866	M	29	ugift	tenar

Nils Sylfestsen	1867	M	21	ugift	gardmannsson
Bernt Ingebrigtsen Bjørk	1867	M	21	ugift	gardmannsson
Ola Arnfinnsen	1867	M	19	ugift	ikkje identifisert
Ola Olsen	1867	M	60	gift	husmann
Kristi Berntsdotter	1867	K	50	gift	husmannskone
Ola Olsen	1867	M	18	ugift	husmannsson
Anna Olsdotter	1867	K	15	ugift	husmannsdotter
Berta Olsdotter	1867	K	10	barn	husmannsdotter
Torbjørn Lassessen Vangestad	1867	M	22	ugift	gardmannsson
Jens Endresen	1867	M	28	ugift	husmannsson
Jens Kristensen Djupvik	1867	M	50	gift	husmann
Synneva Arnfinnsdotter	1867	K	60	gift	husmannskone
Brita Jensdotter	1867	K	27	ugift	husmannsdotter
Arnfinn Jensen	1867	M	20	ugift	husmannsson
Jens Jensen	1867	M	15	ugift	husmannsson
Lars Ellingsen	1867	M	49	gift	ikkje identifisert
Kristi Nilsdotter	1867	K	44	gift	ikkje identifisert
Margrete Larsdotter	1867	K	23	ugift	ikkje identifisert
Kristi Larsdotter	1867	K	13	barn	ikkje identifisert
Anna Larsdotter	1867	K	8	barn	ikkje identifisert
Kristi Arnfinnsdotter	1867	K	20	ugift	barn av inderst
Gjertrud Arnfinnsdotter	1867	K	17	ugift	barn av inderst
Jens Larsen Åberge	1869	M	28	gift	lauskar
Anna Mikkelsdotter	1869	K	32	gift	kone av lauskar
Elling Arnfinnsen	1870	M	19	ugift	husmannsson
Margrete Lasseditter	1871	K	21	ugift	gardbrukardotter
Jens Åmundsen Havnen	1872	M	19	ugift	husmannsson
Synneva Andersd. Vangestad	1872	K	17	ugift	gardmannsdotter
Ola Johannesen	1872	M	17	ugift	husmannsson
Marta Johannesdotter	1872	K	15	ugift	husmannsdotter
Arnfinn Arnfinnsen	1872	M	17	ugift	gardmannsson
Kristi Ingebrigtsdotter Bjørk	1872	K	18	ugift	gardmannsdotter
Ola Larsen Hamnen	1872	M	22	ugift	husmannsson
Kari Sjursdotter Eidet	1872	K	28	ugift	husmannsdotter
Maria Nilsdotter	1872	K	2	u. barn	d. av sistnevnte
Ola Jonsen Ekrehaug	1872	M	33	gift	husmann

Kristi Jensdotter Hagen	1872	K	43	gift	husmannskone
Kari Olsdotter	1872	K	11	barn	husmannsdotter
Sunneva Olsdotter	1872	K	9	barn	husmannsdotter
Johan Olsen	1872	M	7	barn	husmannsson
Ola Jensen Rud	1872	M	22	gift	husmannsson
Kari Arnfinnsdotter Olstad	1872	K	23	gift	gardmannsdotter
Johannes Eriksen Engesæther	1873	M	45	gift	gardmannsson
Synnøve Johsd. Venes	1873	M	36	gift	gift med gardm.son
Gjertrud Johannesdotter	1873	K	3	barn	born av gardm.son
Eirik Johannesen	1873	M	1	barn	born av gardm.son
Ola Ludvigsen	1873	M	27	gift	husmannsson
Unni Einardsen	1873	K	27	gift	husmannsdotter
Arnfinn Sjursen	1874	M	55	gift	husmann
Marta Olsdotter Bjørk	1874	K	53	gift	husmannskone
Anders Arnfinnsen	1874	M	16	ugift	husmannsson
Ivar Arnfinnsen	1874	M	14	barn	husmannsson
Ølgård Arnfinnsdotter	1874	K	11	barn	husmannsdotter
Hans Sjursen Amble	1874	M	40	gift	tenestekar
Gunhild Olsdotter Torstad	1874	K	45	gift	gardmannsdotter
Gjertrud Hansdotter	1874	K	11	barn	born av tenestekar
Ragnhild Svard. Amble	1875	K	28	ugift	ikkje identifisert
Ola Olsen Amble	1875	M	31	ugift	husmannsson
Kari Jensdotter Amble	1875	K	23	ugift	husmannsdotter
Ola Jensen	1875	M	22	ugift	gardmannsson
Jens Enderesen Hovland	1875	M	44	gift	husmann
Ragnhild Johnsdotter	1875	K	40	gift	husmannskone
Anna Jensdotter	1875	K	25	ugift	husmannsdotter
Marta Jensdotter	1875	K	16	ugift	husmannsdotter
Christian Jensen	1875	M	11	barn	husmannsson
Jens Jensen	1875	M	11	barn	husmannsson
Peder Jensen	1875	M	9	barn	husmannsson
Oline Jensdotter	1875	K	8	barn	husmannsdotter
Johanne Jensdotter	1875	K	6	barn	husmannsdotter
Anders Jensen	1875	M	7mnd	barn	husmannsson
Ole Johan Eriksen	1876	M	44	gift	husmann
Marta Larsdotter	1876	K	38	gift	husmannskone
Marta Olsdotter	1876	K	13	barn	husmannsdotter
Ingeborg Olsdotter	1876	K	11	barn	husmannsdotter

Gjertrud Olsdotter	1876	K	10	barn	husmannsdotter
Oline Olsdotter	1876	K	8	barn	husmannsdotter
Simon Olsen	1876	M	6	barn	husmannsson
Johanne Bertine Olsdotter	1876	K	3	barn	husmannsdotter
Lovisa Olsdotter	1876	K	2	barn	husmannsdotter
Ole Johan Olsen	1876	M	1	barn	husmannsson
Barbra Johanne Andersdotter	1876	K	54	gift	inderst kone
Johannes	1876	M	16	ugift	inderst born
Ole Andreas	1876	M	14	barn	inderst born
Ola Andersen Bakken	1877	M	19	ugift	husmannsson
Marta Olsdotter	1877	K	29	ugift	husmannsdotter
Kristen Jensen Rud	1877	M	29	gift	husmann
Johanna Johsd.	1877	K	25	gift	husmannskone
Johannes Kristensen	1877	M	5	barn	husmannsson
Jens Kristensen	1877	M	2	barn	husmannsson
Ola Sjursen	1878	M	20	ugift	husmann
Guri Arnfinnsdotter	1878	K	69	enke	kårenke
Per Andersen	1878	M	37	gift	husmannsson
Brita Sylfestdotter	1878	K	26	gift	gardbrukardotter
Anna Sofia Persdotter	1878	K	6	barn	born av husmannsson
Guri Persdotter	1878	K	4	barn	born av husmannsson
Anne Persdotter	1878	K	1	barn	born av husmannsson
Anne Andersdotter Brekka	1878	K	16	ugift	husholderske
Marie Andersdotter Brekka	1878	K	12	barn	husholderske
Erik Olsen Engesæther	1878	M	19	ugift	leiglending
Simon Olsen	1879	M	23	ugift	gardsarbeider
Johannes Sjursen Haugen	1879	M	25	ugift	dagarbeider
Sjur Iversen Løypestrand	1879	M	22	ugift	tenar
Elling Larsen	1879	M	28	gift	ikkje identifisert
Kristi Andersdotter Amble	1879	K	33	gift	ikkje identifisert
Anna Ellingsdotter	1879	K	4	barn	ikkje identifisert
Lars Ellingsen	1879	M	2	barn	ikkje identifisert
Johannes Larsen Havnen	1879	M	21	ugift	husmannsson
Jacob Lassessen Holten	1879	M	22	ugift	husmannsson
Synneva Olsdotter Hovland	1880	nd	80	gift	husmannskone
John Endresen	1880	M	74	gift	husmann
Knut Torbjørnsen Haukås	1880	M	37	gift	inderst
Marta Olsdotter Haukaas	1880	K	33	gift	inderst kone

Ølgård Knutsdotter	1880	K	6	barn	born av inderst
Ragnhild Knutsdotter	1880	K	5	barn	born av inderst
Marta Andersdotter Hovland	1880	K	29	ugift	tenar
Synneva Nilsdotter	1880	K	3,5	barn	born av sistnevnte
Anna Andersdotter Vangestad	1880	K	19	ugift	husmannsdotter
Thomas Johnsen Hovland	1880	M	39	gift	inderst
Marie Lassesdotter	1880	K	52	gift	inderst kone
Johannes Lassesen Holten	1880	M	24	ugift	husmannsson
Oline Lassesdotter	1880	K	21	ugift	husmannsdotter
Anders Olsen Haukaas	1880	M	27	gift	inderst
Britha Jensdotter Haukaas	1880	K	24	gift	inderst kone
Ole Andersen	1880	M	2	barn	born av inderst
Ingebrigt Andersen	1880	M	30	ugift	arbeider
Karen Mikkelsdotter Amble	1881	K	21	ugift	husmannsdotter
Gunhild Pedersdotter	1881	K	23	ugift	husmannsdotter
Anders Johannessen	1881	M	1mnd	barn	born av sistnevnte
Ole Nilsen Olstad	1881	M	27	gift	arbeider
Marta Andersdotter	1881	K	24	gift	arbeiderkone
Nils Olsen	1881	M	1	barn	born av arbeider
Nils Torbjørnsen Rudsvik	1881	M	32	gift	son av gardbr.leigl.
Berta Jensdotter Holen	1881	K	30	gift	kona til sistnevnte
Ingeborg Nilsdotter	1881	K	4	barn	born av gardbr.son
Torbjørn Nilsen	1881	M	1	barn	born av gardbr.son
Jens Christensen	1882	M		ugift	tenestedreng
Nils Nilsen	1882	M	50	gift	skomaker
Ole Nilsen Haukaas	1882	M	62	gift	kårmann
Anders Torbjørnsen	1882	M	42	ugift	arbeider
Lasse Jacobsen Holten	1882	M	54	gift	husmann
Gjertrud Hansdotter	1882	K	38	gift	husmannskone
Anna Lassesdotter	1882	K	18	ugift	husmannsdotter
Lars Lassesen	1882	M	11	barn	husmannsson
Andreas lassesen	1882	M	9	barn	husmannsson
Jens Thommasen Høståker	1882	M	19	ugift	gardmannsson
Marie Thommasdotter Høståker	1882	K	21	ugift	gardmannsdotter
Anfin Andersen Olstad	1882	M	61	gift	gårdbruker
Ole J. Amble	1883	M	29	gift	am.undersått
Kari Ingebrigtsdotter Amble	1883	K	22	gift	am.undersått
Nils Johnsen	1883	M	19	ugift	arbeider

Johannes Andersen Bakken	1883	M	22	ugift	arbeider
Ølgård Olsdotter	1883	K	22	ugift	gardmannsdotter
Truls Nilsen Nordahl	1883	M	45	gift	husmann
Marta Gjertsdotter	1883	K	37	gift	husmannskone
Anna Trulsdotter	1883	K	14	barn	husmannsdotter
Ingeborg Trulsdotter	1883	K	11	barn	husmannsdotter
Hansine Trulsdotter	1883	K	9	barn	husmannsdotter
Nicolaus Trulsen	1883	M	6	barn	husmannsson
Marie Trulsdotter	1883	K	4	barn	husmannsdotter
Ole Trulsen	1883	M	2	barn	husmannsson
Severine Johanne	1883	K	1	barn	husmannsdotter
Thomas Ingebrigtsen Dalaker	1883	M	18	ugift	gardbrukarson
Anna Larsdotter	1883	K	36	gift	landhandlerkone
Louise Dalager	1883	K	11	barn	landhandlerdotter
Severine Dalager	1883	K	9	barn	landhandlerdotter
Johannes Olsen Engesæther	1883	M	22	ugift	gardbrukarson
Hans Christoffer Olsen Enges.	1883	M	19	ugift	gardbrukarson
Anders Andersen	1883	M	24	ugift	ulønna korporal
Sjur Mathias Johs. Haugen	1883	M	54	gift	husmann
Johanne Olsdotter	1883	K	51	gift	husmannskone
Marie Sjursen	1883	K	15	ugift	husmannsdotter
Sjur Trondsen	1883	M	21	ugift	tenestedreng
Nils Jensen Amle	1883	M	20	ugift	gardbruker
Johannes Eriksen	1883	M	23	ugift	gardmannsson
Lars Torstensen Eidet	1883	M	23	ugift	helper foreldra m.gardbr.
Amund Jensen Havnen	1883	M	55	gift	husmann
Marta Torbjørnsdotter	1883	K	50	gift	husmannskone
Synneva Amundsdotter	1883	K	24	ugift	husmannsdotter
Torbjørn Amundsen	1883	M	16	ugift	husmannsson
Anne Margrethe Amundsdotter	1883	K	9	barn	husmannsdotter
Nils Amundsen	1883	M	19	ugift	husmannsson
Barbra Jacobsdotter	1883	K	50	gift	arbeidermannskone
Marte Nilsson	1883	K	22	ugift	arbeiderdotter
Kristi Nilsson	1883	K	20	ugift	arbeiderdotter
Niels Nilsen	1883	M	18	ugift	arbeiderperson
Ragnhild Nilsson	1883	K	15	ugift	arbeiderdotter
Britha Nilsson	1883	K	11	barn	arbeiderdotter
Olina Nilsson	1883	K	9	barn	arbeiderdotter
Synneva Nilsson	1883	K	7	barn	arbeiderdotter
Jens Nilsen	1883	M	7	barn	arbeiderperson

Gunhild Larsdotter	1883	K	22	ugift	husmannsdotter
Synneva Andersdotter	1883	K	70	gift	kårkone
Jacob Nilsen Hatlebakken	1884	M	24	ugift	arbeider
Hans Bertinus Johan Amble	1885	M	21	ugift	husmannsson
Lars Andersen Hauseholen	1885	M	16	ugift	gardmannsson
Johannes Andersen Hauseholen	1885	M	15	ugift	gardmannsson
Gjertrud Andersdotter Brekke	1886	K	19	ugift	tenar
Anders Andersen Finnhagen	1886	M	60	gift	husmann
Brita Knutsdotter	1886	K	57	gift	husmannskone
Johanne Lassesdotter	1886	K	40	gift	ikkje identifisert
Ole Andersen	1886	M	11	barn	gardbrukarson
Synnøve Andersen	1886	K	10	barn	gardbrukardotter
Bernt Andersen	1886	M	8	barn	gardbrukarson
Oline Andersdotter Brekka	1886	K	20	ugift	ikkje identifisert
Kristian Andersen Eidet	1887	M	17	ugift	husmannsson
Ragnhild Johannesdotter Amble	1887	K	20	ugift	husmannsdotter
Ole Olsen Amble	1887	M	43	gift	am.borgar
Anders Olsen Bakken	1887	M	66	gift	am.borgar
Johannes Olsen Bjørk	1887	M	21	ugift	gardmannsson
Jens Olsen Bjørk	1887	M	19	ugift	gardmannsson
Gjertrud Olsdotter Bjørk	1887	K	16	ugift	gardmannsdotter
Ragnhild Jensdotter	1887	K	20	ugift	husmannsdotter
Nils Olsen Holten	1888	M	20	ugift	husmannsson
Erik Nilsen Olstad	1890	M	19	ugift	gardmannsson
Gjertrud Olsdotter Holten	1890	K	18	ugift	gardmannsdotter
Anders Olsen	1891	M	22	ugift	skomaker
Anna Andreasdotter	1892	K	19	ugift	husmannsdotter
Marta Lovise Larsdotter	1892	K	19	ugift	husmannsdotter
Thomas Thomassen Høstaker	1892	M	20	ugift	gardmannsson
Bernt Larsen Nyagjerdet	1892	M	26	ugift	løsarbeider
Ole Olsen Eknæs	1893	M	20	ugift	bordarbeiderson

Anders Andersen Havnen	1893	M	20	ugift	tenarson
Johanne Johannesdotter Amble	1894	K	22	ugift	lærerinne
Nils Andersen Brekke	1894	M	22	ugift	korporal
Ole Olsen Holehaug	1894	M	22	ugift	gardsarbeider
Knut Syvertsen Haugen	1895	M	62	gift	gardbrukar
Berthe Nilsdotter	1895	K	56	gift	gardbrukarkone
Anna Olsdotter Holten	1896	K	18	ugift	gardmannsdotter
Marta Pedersdotter Hovland	1899	K	25	gift	ikkje identifisert
Roland Anfindsen Teigen	1899	M	21	ugift	inderst son
Marta Olsen Eineteig	1900	K	26	ugift	husmannsdotter
Andreas Olsen Holten	1900	M	18	ugift	husmannsson
Ingebrigt Olsen Jordal	1901	M	23	ugift	tenar
Lars Lassesen Dalaker	1901	M	24	ugift	gardmannsson
Peder Kristiansen Urnæs	1901	M	27	gift	gardsarbeider
Oline Andersdotter	1901	K	33	gift	gardsarb. Kone
Anders Pedersen	1901	M	4	barn	gardsarb.son
Johannes Pedersen	1901	M	3	barn	gardsarb.son
Martin Pedersen	1901	M	1	barn	gardsarb.son
Johanna Johsdotter Sagabakken	1902	K	31	ugift	syerske
Lars Henriksen Furuhaug	1902	M	18	ugift	husmannsson
Ivar Olsen Nesset	1902	M	22	ugift	gardmannsson
Torbjørn Nilsen Olstad	1902	M	28	ugift	gardmannsson
Andrine Oline Sofie Nilsdotter	1903	K	23	ugift	smed-dotter
Maria Pedersdotter Rudsvik	1903	K	22	ugift	ikkje identifisert
Kristian Olsen Sva	1903	M	25	ugift	ikkje identifisert
Torbjørn Larsen Rudsvik	1903	M	15	ugift	ikkje identifisert
Brita Johnsen Amble	1904	K	26	ugift	tenestejente
Johannes Johs.	1904	M	19	ugift	gardsarbeider
Gunhild Eriksdotter Bjørk	1906	K	20	ugift	husarbeiderske
Anna Sofie Hansen Dalaker	1906	K	22	ugift	tenestejente

Ingebrigt Hansen Dalaker	1906	M	19	ugift	gardsarbeider
Erik O. Engesæther	1906	M	48	gift	bankkasserer
Ole Andersen Engesæther	1906	M	31	gift	gardsarbeider
Anna Johanne Engesæther	1906	K	30	gift	gardsarbeider
Johan Andersen Engesæter	1906	M	25	ugift	gardsarbeider
Hans Eriksen Buene	1906	M	21	ugift	gardsarbeider
Jens Jonassen Havnen	1906	M	18	ugift	gardsarbeider
Johannes Pedersen Rudsvik	1906	M	26	ugift	gardsarbeider
Jakob Torbjørnsen Eidet	1907	M	26	ugift	gardsarbeider
Ole Henriksen Høidal	1907	M	21	ugift	snekker
Anders Jensen Hagen	1907	M	37	ugift	hotelldreng
Olav Ingebrigtsen	1907	M	19	ugift	gardsarbeider
Johanne Pedersdotter	1907	K	19	ugift	tenestejente
Elen Larsdotter Havnen	1907	M	18	ugift	tenestejente
Gunhilde Larsdotter	1907	K	17	ugift	husarbeiderske
Johanne Pedersdotter Rudsvik	1907	K	19	ugift	tenestejente
Andreas Joh. Andreassen	1908	M	19	ugift	ikkje identifisert
Carl Hansen Dalaker	1909	M	20	ugift	gardbrukar
Anna Marie Pedersd. Vestrem	1909	K	20	ugift	tenestejente
Thorstein Jensen Olstad	1910	M	22	ugift	gardsarbeider
Karl Olai Johnsen Skorpen	1911	M	41	gift	husarbeid
Karen Olsdotter Neset	1911	K	23	ugift	tenestejente
Nils Eriksen Bjørk	1911	M	23	ugift	gardsarbeider
Olaf Eriksen Bjørk	1911	M	21	ugift	gardsarbeider
Oline Jensdotter Amble	1912	K	18	ugift	tenestejente
Petra Kristina Olsdotter	1912	K	21	ugift	tenestejente
Severin Hansen	1912	M	23	ugift	husmannsson
Johan Karlsen Haugen	1913	M	18	ugift	gardsarbeider
Andreas Johs. Langenes	1913	M	21	ugift	gardsarbeider
Olav Audun Nilsen Amble	1914	M	16	ugift	gardsgut
Lars Andersen Brekke	1914	M	20	ugift	gardsarbeider
Gunhild Havnen	1914	M	54	gift	ikkje identifisert
John Bakken	1914	M	54	gift	ikkje identifisert

Ellen Havnen	1914	M	25	ugift	ikkje identifisert
Marie Alfspotter	1915	K	22	ugift	syerske
Kristine Pedersdotter Rudsvik	1915	K	20	ugift	tenestejente